

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Saknr
Delegert rådmannen	216/22

Avgjerd av: Rådmannen	Dato: 20.06.2022	Arkiv: N-566	Arkivsaknr
Saksh.: Åsta Gjelland		Objekt:	22/2604 - 4

Vedtak av fleire adressenamn på Kvamskogen og i Hamlagrø

Samandrag:

Pr i dag er den offisielle adressa for bygningar, eigedom, m.m. i deler av Kvam i form som *matrikeladresse* (gnr/bnr). Det er eit nasjonalt mål at den offisielle adressa skal vera ei *vegadresse*, dvs eit adressenamn og eit adressenummer.

Kvam herad skal no oppretta adressenamn (namn på ein veg, el eit område) slik at heile Kvamskogen og Hamlagrø vert dekkja. Kvamskogen er inndelt i 7 nye adresseområde, og Hamlagrø i 6 nye adresseområde. Det skal gjerast vedtak om eit offisielt adressenamn for desse områda.

Adressenamna er meint å vera dekkande for det geografiske området. I dette arbeidet har Kvam herad hatt kontakt med folk som er lokalkjente i områda.

Høyring av namneforslaga:

Namneforslaga vart gjort kjent for ålmenta via annonse på kvam herad si nettside og i Hordaland Folkeblad. Høyringsperioden var 13.05.–12.06.22. Det er kun motteke innspel frå språkrådet.

Innspel frå Språkrådet:

Språkrådet gjer ein grundig tilbakemelding på fleire av namneforslaga. Det føreslegne *Kyrkjevika* vert tilrådd endra til *Kyrkjeviki*, ein skrivemåte som er registrert som godkjent og tilrådd i Sentralt stadnamnregister (SSR). Det føreslegne *Leite* vert tilrådd endra til *Leitet*, utifrå at det er registrert slik i SSR, og at den bundne forma synest å vera den vanlege norma i området (jf. td. Dalen, Vetlatvatnet, m.fl.).

Språkrådet finn det tilråddeleg å nytta dei 11 andre framlagde namneforslaga som offisielle namneformer.

Oppsummert:

Rådmannen rettar seg etter innspela frå Språkrådet. Skrivemåten for alle adressenamna føreligg i SSR og skal såleis ikkje handsamast etter stadnamnlova.

Rådmannen sitt vedtak:

Med heimel i stadnamnlova § 7 fastset Kvam herad fylgjande namn som offisielle adressenamn:

- Osen
- Lii
- Klubben
- Søre Hamlagrø
- Kyrkjeviki
- Blåkoll
- Tryglakleiv
- Skeisskorane
- Steinbuvegen
- Vassværena
- Leitet
- Jonshøgdi
- Kvinnhovdebrotet

Områda adressenamna tilhøyrrer framgår av kart på journalpost 22/15483:

- 3 adresseområde - *Osen, Lii, Klubben*
- 3 adresseområde - *Søre Hamlagrø, Kyrkjeviki*
- 6 adresseområde - *Tryglakleiv, Skeisskorane, Steinbuvegen, Vassværena, Leitet, Jonshøgdi*
- 1 adresseområde - *Kvinnhovdebrotet*

Klage

Det vert gjort merksam på at fullmaktsvedtak gjort av administrasjonssjef kan klagast på til statsforvaltaren, jf. § 12 stadnamnlova og § 28 i forvaltningslova. Klagefrist er tre veker etter at melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova §29. Klagen skal sendast til Kvam herad. Om Kvam herad ikkje finn grunnlag for å ta klagen til fylgje, vert saka sendt til statsforvaltaren for endeleg avgjerd

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Dok.id	Tittel
58985	3 adresseområde - Osen, Lii, Klubben
59013	3 adresseområde - Søre Hamlagrø, Kyrkjeviki, Blåkoll
59014	6 adresseområde - Tryglakleiv, Skeisskorane, Steinbuvegen, Vassværena, Leitet, Jonshøgdi
59012	1 adresseområde - Kvinnhovdebrotet
52127	Forslag til adressenamn i Hamlagrø og på Kvamskogen, Kvam herad
59009	Kunngjering 13.05.22 – Forslag til adressenamn i Hamlagrø og på Kvamskogen
59000	Innspeil frå Språkrådet

Andre dokument i saka: